



Rapport Openheitslova

Styrehandsama og godkjent: 18.06.2026

Innhald

1.	Bakgrunn for rapporten	3
2.	Verksemdspesifikk informasjon	3
3.	Interne retningslinjer og rutinar	4
4.	Vår tilnærming til Openheitslova	5
	4.1 Praksis for vurdering av leverandørar	5
	4.2 Kartlegging og vurderingskratera	5
	4.3 Scoringmodell	6
5.	Funn	6
	5.1 Faktiske negative konsekvensar avdekte	6
	5.2 Vesentleg risiko for negative konsekvensar avdekte	7
	5.3 Allianseleverandørar og lokale leverandørar	7
6.	Tiltak og vidare arbeid	7
	6.1 Vidare arbeid	7
	6.1 Handtering av avdekte negative konsekvensar	8
	6.2 Avsluttande merknader	8
7.	Kontaktinformasjon	8

1. Bakgrunn for rapporten

Lov om verksemder si openheit og arbeid med grunnleggande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold, forkorta Openheitslova, vart vedteken av det norske Stortinget i juni 2021. Lova tredde i kraft 1. juli 2022.

Lova sitt formål er å fremja respekt for grunnleggande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold i samband med produksjon av varer og tenester. Ho skal sikra at allmenta har tilgang til informasjon om korleis verksemder handterer reelle og potensielle negative konsekvensar som kan knytast til leverandørkjeda.

Voss Sparebank støttar og respekterer FN si menneskerettserklæring og OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap (OECD 2011). For å leva opp til dette må truverd og openheit prega heile leverandørkjeda, ikkje berre verksemda til banken. Voss Sparebank aksepterer ikkje forhold hos leverandørar eller forretningspartnarar som inneber brot på FN si menneskerettserklæring.

Denne rapporten inneheld aktsemdvurderingar av banken sine eigne leverandørar og fellesleverandørar i Lokalbanksamarbeidet.

Rapporten dekkjer perioden frå 1. januar til 31. desember 2025.

2. Verksemdspesifikk informasjon


Voss Sparebank er ein lokal sparebank, lokalisert på Voss. Banken tilbyr lån, forsikringar, spareprodukt og andre banktenester ein treng til dagleg bruk.

Banken er skipa i 1843, og er ein tradisjonell sparebank utan eksterne eigarar. Per utgangen av 2025 hadde banken 30 tilsette og rådveldkapital på 7.052 mill. kroner.

Voss Sparebank er ein sjølvstendig sparebank, men er med i LOKALBANK, som er eit samarbeid mellom 17 sjølvstendige sparebankar. Gjennom LB Selskapet AS, samarbeider bankane om mellom anna felles innkjøp, standardisering og utvikling. Samarbeidet skal auka lønsemda til eigarbankane gjennom stordriftsfordelar og effektivisering, samt sikra tilgang på kompetanse, fellestenester, relevante produkt og teknologi.

Medlemsbankane er Askim & Spydeberg Sparebank, Cultura Bank, Drangedal Sparebank, Flekkefjord Sparebank, Lillesands Sparebank, Luster Sparebank, Nidaros Sparebank, Selbu Sparebank, Sparebanken 68° Nord, Sparebanken DIN, Spareskillingsbanken, Stadsbygd Sparebank, Søgne og Greipstad Sparebank, Tolga-Os Sparebank, Voss Sparebank, Ørland Sparebank og Aasen Sparebank.

Figur 1: Medlemsbankar i LOKALBANK-samarbeidet



3. Interne retningslinjer og rutinar

Voss respekterer grunnleggande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold. Det er difor utarbeidd interne retningslinjer som speglar våre forpliktingar og forventningar til oss sjølve og samarbeidspartnarane våre. Desse retningslinjene og rutinane omfattar mellom anna arbeidsmiljø, helse og tryggleik, likestilling, ikkje-diskriminering, løn, arbeidstid, miljø og korrupsjon.

Voss Sparebank støttar fagorganisering og har både arbeidsmiljøutval og tilsetjingsutval. Det er òg etablert varslingskanalar og klagemekanismar som skal bidra til å avdekka eventuelle negative tilhøve i banken si verksemd og i leverandørkjeda. Me oppmodar tilsette, leverandørar, kundar og andre interessentar til å melde frå om bekymringar knytte til verksemda vår.

Styret i banken har det øvste ansvaret for etterleving av Openheitslova. Styret og adm. banksjef sluttar seg til føremålet med lova og ynskjer at grunnleggande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold skal verta respekterte i eiga verksemd, hjå forretningspartnarar og i leverandørkjeda.


Voss Sparebank vil kvart år innan 30. juni publisera ein oppdatert rapport om arbeidet med Openheitslova. Denne vert handsama i banken sitt styre før publisering.

4. Vår tilnærming til Openheitslova

4.1 Praksis for vurdering av leverandørar

Banken sitt arbeid med å ivareta Openheitslova vert gjennomført i tråd med OECD sin metodikk for aktsemdvurderingar. Stega i prosessen er illustrerte i figuren under.

Figur 2: Vurdering av leverandørar



Gjennom innkjøpssamarbeidet i LOKALBANK, har medlemsbankane ei rekkje felles leverandørar. For desse leverandørane, er det LB Selskapet AS som står for oppfølginga gjennom jamleg dialog. Her vert leveransar gjennomgått, i tillegg til eventuelle hendingar og/eller relevante endringar. Det er etablert nye rutinar for leverandør oppfølginga som følgje av DORA (forordning om digital operasjonell motstandsdyktigheit i finanssektoren). Banken følgjer sjølv opp leverandørar som ligg utanfor LOKALBANK-samarbeidet.

4.2 Kartlegging og vurderingskratera

Det er teke utgangspunkt i ei komplett leverandørversikt, der alle leverandørar er vurderte med omsyn til om dei skal kartleggjast nærare eller ikkje. For leverandørar som vart undersøkte det førre året, og som i tillegg er vurderte til låg risiko, vert dei som hovudregel ikkje kartlagde på nytt året etter. Leverandørar som er vurderte til moderat eller høg risiko, vert kartlagde jamleg, og minst årleg. Det same gjeld leverandørar med størst avtaleomfang. Som eit minimum ynskjer Voss Sparebank at det ikkje skal gå meir enn tre år før leverandørar vert vurderte på nytt, uavhengig av seleksjonskriteria.

Prioriteringa for kva leverandørar som vert kartlagde, er basert på følgjande kriterium:

- **Geografisk risiko:** Kva land leverandøren har verksemda si
- **Bransjerisiko:** Kva bransje er verksemda tilknytt
- **Volum og omfang av avtalen**
- **Avhengigheit:** Kor kritisk er leverandøren for banken si drift

Det vert sendt ut eit spørjeskjema til nokre utvalde leverandørar basert på desse kriteria. I skjemaet får leverandørane høve til å skildra arbeidet sitt med menneskerettar og sømelege arbeidsforhold ved å lasta opp dokumentasjon og svara på nokre spørsmål. Med utgangspunkt i denne dokumentasjonen vert det generert ein risikoscore, som vert brukt som eit grunnlag for vurdering av leverandøren, inkludert om det er behov for å gjennomføra grundigare undersøkingar av leverandørforholdet.

Via LB Selskapet AS, er det sendt ut undersøkinga til eit utval av Voss Sparebank sine leverandørar og forretningspartnarar. Svarprosenten blant desse er 67 prosent. Sjølv om me ynskjer ein høg svarprosent, er det viktig å presisera at arbeidet med å identifisera risiko og retta kartlegginga mot leverandørane innanfor desse risikoområda, er det som har størst betydning.

4.3 Scoringmodell

Scoringsmodellen i spørjeskjemaet gjev leverandøren ein totalscore basert på svara og dokumentasjonen, og vidare vert leverandøren vurdert etter ein trafikklysmoell. Modellen har følgjande inndeling:

- **Grøn:** Låg risiko
- **Gul:** Moderat risiko
- **Raud:** Høg risiko

Inndelinga gjev ein indikasjon på risikoprofilen til leverandøren. Det vert i tillegg gjort ei vurdering av svara frå respondentane. Ein svakheit ved modellen er at små leverandørar gjennomgåande får ein dårlegare score. Dette er forsøkt teke omsyn til gjennom justeringar i scoringsmodellen, samt at det er lagt til kommentarfelt til alle spørsmål. På bakgrunn av den standardiserte modellen inkluderer me alltid ei manuell vurdering som kan overstyra risikoscoren i slike tilfelle.

5. Funn

5.1 Faktiske negative konsekvensar avdekte

Det er ikkje identifisert brot eller andre negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i kartleggingsprosessen – verken i eige verksemd eller i leverandørkjeda.

5.2 Vesentleg risiko for negative konsekvensar avdekte

Voss Sparebank vurderer at det er låg risiko for negative konsekvensar i eige verksemd, basert på at banken er underlagt arbeidsmiljølova, og har tydeleg regulerte arbeidsforhold med pålagde, regelmessige samtalar mellom leiarar og medarbeidarar, samt veletablerte varslingskanalar. Trass i at banken vurderer risikoen som låg, skal me framleis arbeida for at interne forhold held eit tilfredsstillande og akseptabelt nivå.

Kartlegginga av leverandørar og forretningspartnar, tilknytt Voss Sparebank, indikerer at det generelt er låg risiko for at banken har forretningspartnarar og leverandørar med brot på menneskerettar eller sømelege arbeidsforhold. Banken har i all hovudsak eit nasjonalt og regionalt nedslagsfelt, der ein stor del av innkjøpa vert gjort via forretningsforbindelsar med tilhaldsstad i Noreg. Dette gjev korte leverandørkjeder der den geografiske risikoen er vurdert som låg. I tillegg er avtalepartnarane til banken underlagde lovverk som er tydeleg arbeidstakarvennleg. Likevel meiner me det er viktig å gjennomføra naudsynte risikovurderingar og sikra tilstrekkeleg oppfølging av alle leverandørar.

Kartlegginga viser at nokre av leverandørane og forretningspartnarane våre har tilknytning til høgrisikoland. Med utgangspunkt i geografisk risiko indikerer dette høgare sannsyn for brot på menneskerettar og sømelege arbeidsforhold, til dømes på grunn av svakare regelverk og autoritære styresett. Nokre av leverandørane er tilknytt produksjon av kontorrekvisita eller IKT-produkt, der råvarer, komponentar og samansetting ofte er knytte til høgrisikoland. Dette indikerer auka sannsyn for brot på lova. Samstundes ser leverandørane ut til å ha gode prosessar og tiltak for å redusera denne risikoen.

Banken nyttar òg tenester knytt til drift og vedlikehald av bygningar, til dømes reinhaldstenester. Med utgangspunkt i bransjerisiko vert dette vurdert som høgare risiko for negative konsekvensar, særleg på grunn av utfordringar knytte til arbeidsvilkår. Den ibuande risikoen i bransjen gjer dette til eit viktig prioritert område i det vidare arbeidet.

5.3 Allianseleverandørar og lokale leverandørar

Banken samarbeider med LB Selskapet om fellesleverandørar. Lokale leverandørar vert følgde opp av den respektive banken.

6. Tiltak og vidare arbeid

6.1 Vidare arbeid

Kartlegginga med tilhøyrande risikovurdering vil bli brukt som eit utgangspunkt for å definera kva leverandørar Voss Sparebank ynskjer tettare oppfølging av framover. Banken ynskjer god samhandling og dialog med leverandørane for å oppnå tilstrekkeleg innsikt i arbeidet deira med menneskerettar og sømelege arbeidsforhold. I tillegg er følgjande punkt konkrete forbettringsområde:

- **Oppdatering av policyar og rutinar:** Utvikling og oppdatering av policyar og rutinar er jamleg på agendaen.
- **Tilnærming og metode for aktsemdvurderingar:** Det er ynskje om å styrkja den risikobaserte tilnærminga til kartlegging av leverandørar, mellom anna gjennom å definera tydelegare korleis banken skal arbeida med og følgja opp enkelte leverandørar – inkludert underleverandørar. Det vil òg vera viktig å forankra dette opp mot andre prosessar for avtaleinngåing og leverandørarbeid. Gjennom LOKALBANK-samarbeidet er det planlagt ei større vurdering av metode og systemstøtte for arbeidet med Openheitslova hausten 2026. Bakgrunnen for dette er eit ynskje om meir kontinuerleg med leverandør oppfølging. Forventa resultat av dette er betre innsikt i leverandørkjeda og vurdering av forretningspartnarane våre, inkludert kva område i verdikjeda som har størst risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Det er òg forventa at dette vil gi meir kontinuitet i arbeidet med aktsemdvurderingane.

6.1 Handtering av avdekte negative konsekvensar

Dersom det vert avdekt negative konsekvensar eller brot på menneskerettar og sømelege arbeidsforhold, vil Voss Sparebank følgja opp dette gjennom dialog med leverandøren med mål om forbetring. Dette inneber å avklara forholdet, innhenta dokumentasjon og stilla krav til korrigerande tiltak innan rimeleg tid.

Ved behov kan banken setja vilkår for vidare samarbeid, til dømes auka oppfølging eller krav til betre rutinar. Dersom forholda vert vurderte som alvorlege, eller ikkje vert retta opp, kan samarbeidet verta avgrensa eller avslutta.

Oppfølging av slike forhold vert dokumentert og inngår i banken sitt løpande arbeid med aktsemdvurderingar.

6.2 Avsluttande merknader

Denne rapporten er handsama og vedteken av styret i Voss Sparebank den 18. juni 2026.

7. Kontaktinformasjon

Eventuelle førespurnader knytte til denne rapporten eller til arbeidet vårt med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold kan rettast til:

Voss Sparebank:

- Postadresse: Postboks 50, 5701 Voss
- E-post: post@vossabanken.no